

## **INNSTRUKS FOR STYRET I EMBLEM BEDEHUSFORSAMLING**

- 1) Styret for Emblem Bedehusforsamling vert vald av årsmøtet i henhold til forsamlinga sine lover
- 2) Styret er forsamlinga sitt øvste organ mellom årsmøta i alt som gjeld økonomiske, juridiske, praktiske og organisatoriske spørsmål.  
Eldsterådet er forsamlinga sitt øvste organ i alt som gjeld åndelege spørsmål.
- 3) Styret har det økonomiske ansvaret for forsamlinga og skal sjå til at regnskap vert ført på ein tilfredsstillande måte, at drifta er forsvarleg i høve inntekter/utgifter/budsjett m.m.
- 4) Styret skal leggje fram årsmelding og revidert årsrekneskap for årsmøtet innan utgangen av februar kvart år.
- 5) Styret godkjenner dei økonomiske rammene til husstyret.
- 6) Alle store investeringar for hus/forsamling m.m. skal godkjennast av styret
- 7) Styret har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i forsamlinga både juridisk og i praktisk oppfølging. Herunder medarbeidersamtalar, arbeidsinnstruksar, oppfølging av timelister.
- 8) Styret har det endelege ansvaret for å tilsette nye arbeidarar i forsamlinga, men dette skal alltid drøftast med eldsterådet. Ved tilsetting av hovedpastor skal eldsterådet innstille til forsamlingsstyret.
- 9) Styret har ansvar for å sette opp semesterplan og syte for at denne vert gjennomført.  
Eldsterådet skal gje innspel før semesterplana vert vedteken.
- 10) Styret har ansvar for at alle administrative oppgåver vert løyst på ein tilfredsstillande måte (herunder arkivering, informasjonsflyt, PR, praktiske ting o.s.v.)
- 11) Styret har ansvar for oppfølging av tenestegruppene (med unntak av dei som ligg under eldsterådet). Styret har også ansvar for å finne nye leiarar til tenestegruppene når dette er naudsynt.
- 12) Styret har ansvar for at det er ein god informasjonsflyt mellom leiinga og medlemmane i forsamlinga.
- 13) Styret og eldsterådet skal gjensidig utveksle møtereferat og minst ha eit felles møte pr. år
- 14) Styret kan delegere oppgåver til pastor, andre tilsette og frivillige slik ein finn det hensiktsmessig.